

Møte for lukkede dører, Stortinget 15. mai 1939

Møte for lukkede dører i Stortinget
den 15. mai 1939 kl. 17.00

President: Magnus Nilssen.

Dagsorden:

Utenriksministeren vil gi en redegjørelse om spørsmålet om non-aggression.

Statsråd Koht overbragte følgende kgl. proposisjon:

Om statsgaranti for pantelån til flytende sildekokeri ved Islandsfisket.

Presidenten: Presidenten foreslår at dette møte holdes for lukkede dører - og anser det for bifalt.

Videre foreslåes at Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenens paragraf 54 nevnte funksjonærer samt pressens representanter, etter fortegnelse fra Utenriksdepartementets pressekontor, gis adgang til møtet, likeså utenriksråden og ekspedisjonschef Bull. - Forslaget ansees for bifalt.

Statsråd Koht: Den saka som i dag ligg føre for Stortinget, har opphavet sitt i ein førespurnad som den tyske utanriksministeren von Ribbentrop kom med til den norske sendemannen i Berlin fredags kvelden den 29 april, om Noreg i prinsippet ville vera viljagt til å gå med på ein ikkje-ågangs-avtale med Tyskland. Den same førespurnaden gjorde han same dagen til sendemennene frå dei tre andre nordiske landa.

Det fyrste eg gjorde da eg hadde fått meldinga om dette, var at eg fekk telefonert til dei norske sendemennene hos dei andre nordiske regjeringane om å få i stand samråd med dei om spørsmålet. For det var klart at vi måtte samarbeide i ei sak som dette, og om det var mogleg å koma til eit sams svar, ville det ha sitt store politiske verd. Straks i dei næste dagane vart det da og mykje drøfting mellom alle dei fire nordiske regjeringane, med telefonering og med skriftleg og munnleg boddending, og til slutt, den 9 mai, vart det jamvel halde ei personleg samkome i Stockholm mellom dei fire utanriksministrane. Det syntet seg i desse drøftingane at regjeringane såg likt på dei ålmenne politiske spørsmåla som melde seg i denne samanhengen. Men dei ulike vilkåra for kvart einskilt land kunne likevel føre til skilde konklusjonar.

Når eg no skal greie ut dei omsyna som serskilt skulle vega for Noreg i spørsmålet om ein ikkje-ågangs-avtale med Tyskland, så er det kanskje best å peika først på somme historiske tilhøve. Noreg hadde frå 1907 - eller kanskje rettare sagt frå ratifikasjonen i 1908 - ein integritetstraktat som gav landområdet vårt vern av dei fire nærmeste stormaktene, Stor-Britannia, Frankrike, Tyskland og Russland. Eg skal ikkje gå inn på koss det hadde seg at denne traktaten kom i stand. Men meir og meir samla meiningerne her i landet seg om den tanken at vi helst ville vera kvitt han. I

1922 gjorde difor dei norske statsmaktene ein freistnad på å få fastslegi at slik som dei politiske vilkåra i verda da hadde skift, så måtte traktaten bli rekna for å vera bortfallen. Dette ville likevel Russland, Sovjet-Samveldet, ikkje godkjenna, og då gjekk Noreg i 1924 til å seia upp traktaten, så han slutta å gjelde frå 1928. Sovjet-Samveldet, som hadde vori imot dette, tok så opp forhandling om ein serskild ikkje-ågangs-avtale med Noreg, og forhandlingane om dette gjekk på i to samfulle år, fram til 1930, men slutta med at det ingen avtale vart av. Ein torer vel seia at det på den måten vart skapt ein fast norsk politikk som gjekk ut på at landet vårt ikkje vil ha traktatar av dette slaget med einskilde land. Og i alle tilfelle måtte det vera vanskeleg å ta imot eit tilbod frå Tyskland i den leia, når vi så nyleg som i 1930 hadde lati vera å gå med på eit russisk.

I den samanhengen må eg nemne at Sverige hadde ein enda fastare tradisjon å bygge på i dette stykket; for det hadde tre gonger avvist eit russisk tilbod om ikkje-ågangs-avtale, siste gongen - liksom Noreg - i 1930. Finnland derimot hadde frå 1932 ein ikkje-ågangs-avtale med Sovjet-Samveldet, oppattinga - truleg - i 1934. Men Finnland har den ser-stoda at det er eit granneland til Russland, og den finsk-russiske avtalen er ein led i eit heilt nett av slike avtalar som Sovjet-Samveldet har med alle grannestatane sine. Dessutan er det verdt å minne om at Finnland gjorde avtalen sin med Russland før det hadde slegi inn på den skandinaviske lina i utanrikspolitikken sin, - den lina kom det ikkje over på føre 1935, serskilt med utanriksministermøtet i Oslo.

Slike historiske føresetningar måtte gjera det naturleg at vi tenkte oss nøye om før vi gjekk med på det tyske tilbodet. Dette tilbodet kunne sjå lokkande nok ut med det same. Det var greitt nok at det var bodskapen frå president Roosevelt til Hitler og Mussolini frå 14 april som hadde født tanken. Roosevelt hadde beint fram oppmoda Hitler til å gjera slike ikkje-ågangs-avtalar med ei heil rad namngjevne statar, deri bland dei fire nordiske, og Roosevelt hadde tydeleg meint at dette skulle skapa ei sterk fredstrygd i Europa. Han hadde ikkje spurt nokon av desse andre statane på førehand, og eg må her få lov å seia at så velmeint som framleggelsen hans var, så tykkjer eg ikkje det vart gjort på nokon heppen politisk måte. Men når no Hitler tok opp tanken, så var det nett på denne bakgrunnen vandare enn det elles ville vori å avvise tilbodet. Og eg veit at i Finnland, der dei før hadde slik ein avtale med Russland, tenkte dei frå fyrsten reint ålment at det kunne da ikkje vera noko i vegen for å gjera ein avtale av same slaget med Tyskland.

Likevel måtte det melde seg innkast av ymse slag, og innkast som etterkvart vart meir og meir ålvorlege. Både i Noreg, Sverige og Finnland måtte vi spørja oss sjølve om det fanst nokon naturleg grunn til å gjera slik ein avtale med Tyskland. Ikkje noko av desse landa grensar innåt Tyskland, og vi har da ikkje den grunnen til otte for krig som det elles så lett kan vera mellom grannestatar. For berre få dagar sia, for Noregs part den 18. april, hadde vi på førespurnad frå den tyske regjeringa svara greitt at vi ikkje kjende oss truga av Tyskland. Og eg vil gjerne streka under at eg for min part

meinte dette ålvorleg; eg trur ikkje Tyskland har noko slag overfallsplanar mot Noreg. Det er sjølvsagt at dette berre gjeld for normale tider, fredstider i Europa; skulle det bli ein ny ålmenn krig som Tyskland var med i, da kunne landet vårt vera truga likså vel frå Tyskland som ifrå andre krigsstatar, og dette sa eg da og til den tyske sendemannen da han kom med spørsmålet sitt. Han stadfeste tanken min med å svara:

"Natürlich!" Dette tilhøvet ville visseleg ikkje bli annleis om vi på førehand hadde ein ikkje-ågangs-avtale med Tyskland eller med noko anna land; krigsvilkår ville sprengje alle slike avtalar. Ein ikkje-ågangs-avtale med Tyskland ville da berre slå fast det tilstandet som vi no lever i, og ikkje gje oss noka ny trygd.

Men det er det i politikk at det er alltid ein tvilsam ting å gå ut over det som i sanning trengst. For ein vil alltid spørja kva som da er grunnen eller formalet, og det kan reisa seg mistankar om det ikkje ligg noko bak, noko som ikkje kjem ope fram. Ein serskild ikkje-ågangs-avtale med Tyskland kunne lett vekke den mistanken at dei nordiske landa gjekk inn i eller i det minste drog seg nærrare inn åt den maktflokken i Europa som samler seg kringom "aksen" Berlin-Roma. Dette ville koma i sterke strid med den politikken som vi har dregi opp for oss, at vi vil halde landet vårt utanfor alle maktpolitiske grupper, og vi vil ikkje la det få koma opp nokon tanke om at vi vil vika av ifrå denne politikken. Dette er vi alle einige om, og det må stå fast. No trur eg nok at det kanskje ikkje ville vera så vanskeleg for oss å få i det minste vestmaktene til å skjøna at vi ikkje hadde nokon slik politisk baktanke med ein ikkje-ågangs-avtale med Tyskland. Men Sovjet-Samveldet ville det ikkje vera så lett å overtyde, og i den ålmenne presseskrivinga kunne det bli altfor mykje av politiske utleggingsar som landet vårt ikkje ville vera tent med; det har vi alt no hatt mange vitnemål om. Difor kan vi vel alle fort semjast om at vi helst ville ha sloppi for det tyske tilbodet, og at det ville vera greiast for oss om heile saka fall bort. Dessutan er det verdt å minne om at skal ein tala om traktatar, så har vi i røynda alt ein ikkje-ågangs-avtale med Tyskland, det er i den samfolkelege Kellogg-pakta frå 1936, og den høyrer til dei traktatane som det nye Tyskland ikkje har sagt seg laus ifrå; han er med reine ord gjort til grunnlag for den tysk-polske ikkje-ågangs-avtalen frå 1934. Med Kellogg-pakta i handa er det enda mindre grunn for oss til å gjera ein serskild avtale med Tyskland.

Men eg må nemne ein annan fare som reiser positive innkast av eit anna slag. Det er den faren at Tyskland etter avtalen ville koma til å reise krav om ein "åndeleg" nøytralitet som ville gjera store skard i den tale- og pressefridomen som vi set pris på her i landet. Det seier seg sjølv at det ikkje ville bli spørsmål om å setta noko slikt inn i sjølve avtalen; eg veit at det utkastet til avtale som er ferdig på tysk side, ikkje innehold nokon ting av dette slaget. Men etter dei røynslene vi har om tyske krav når det gjeld å halde styr på pressa vår, så har eg ingen tvil om at desse krava ville vinne ny styrke om den tyske regjeringsa kunne vise til slik ein avtale mellom landa. Eg har jamvel fått veta at da von Ribbentrop bar fram tilbodet sitt om ein ikkje-ågangs-avtale,

sa han i det ministe både til den svenske og den finske sendemannen at han vona avtalen ville draga med seg ei "avspaning" i den svenske og finske pressa. På tysk side ville ein såleis venta meir politisk velvilje i dei nordiske blada om avtalen kom i stand, og utvilsamt la dette koma til orde når dei tykte det trangst. Med all den skylnad som pressa vår har til å kjenne det politiske ansvaret ho har for alt det ho skriv, så vil vi likevel beda oss fri for all framand innblanding i pressefridomen vår.

Etter alt eg veit om sjølve innhaldet i den avtalen Tyskland hadde tenkt å få med oss, skulle han seia svært lite meir enn dette at dei to partane i avtalen skulle binde seg til å ikkje nytta krig eller annaslags vald. Men noko skulle det da og koma med om tilhøvet til tridje-makt når ein av partane sjølv var i krig, og dette var noko som det lett kunne bli ulike tolkingar og dermed usemje om; det kunne draga med seg krav til oss som vi slett ikkje ynskte å oppfylle. Serskilt kunne det lett få innverknad på tilhøvet vårt til Folkesambandet, men dessutan på heile nøytralitetspolitikken vår. Nett i tilhøvet til Tyskland er vi nøydde til å vera varlege med slikt; for vi har sett at Tyskland set store krav i så måte og jamvel har teke seg rett til å avlyse traktatar heilt einsidig når det meiner at føresetningane er borte. Eg minner om koss Tyskland no nyleg einsidig sette ut or kraft den ikkje-ågangs-avtalen det hadde gjort med Polen på ti år i 1934. Vi kan ikkje dölja for oss sjølve at slikt skaper ein utryggleik i dei mellomfolkelege rettstilhøva som ikkje er hyggeleg, og det er betre å leva utan traktatar, enn med traktatar som ein ikkje torer lite på. Med slike traktatar blir vi i det heile dregne altfor mykje inn i det storpolitiske maktspelen, det som vi elles strevar med å halde oss utanfor, og så mykje er i det minste klart at noko ynske om å gå inn i slike traktatar har vi ikkje.

Det som i grunnen er vansken for oss i denne saka, er om det på nokon måte skulle bli ulemper for oss av eit nei til det tyske tilbodet. Det er mange som har meint at dei på tysk side ville rekna det for uvenleg framferd om vi ikkje ville ta imot slikt eit tilbod, og eg har jamvel høyrt sagt at Tyskland kunne tenkje på å hemne seg på oss økonomisk eller på anna vis. Personleg må eg seia at eg har ikkje kunna tru på noko slikt. Eg har rekna med at det måtte vera mogleg for oss å gje vårt nei-takk på så pynteteleg og høvisk vis så det ikkje kunne bli noka krenking av det. Og eg har gått ut frå at om vi sa til Tyskland at vi held det for reint uturvande å få ein ikkje-ågangs-avtale med det, så skulle det vera likså godt for Tyskland som sjølve avtalen. Det som Hitler ville med tilbodet sitt, det var da tydeleg nok å gje eit prov for at Tyskland under hans styring ikkje har anna enn fredlege tankar imot andre land; han hadde kjent det som ei krenking at Roosevelt hadde skulda berre Tyskland og Italia for krigsplanar, og han ville syne at dette var usant. Difor spurde han fyrst alle småstatane om dei kjende seg truga frå Tyskland, og han tok det til inntekt for seg at dei svara nei. Det same formålet skulle det tene at han baud seg til å gjeva ikkje-ågangs-avtalar med dei same småstatane, og om han no får til svar at "nei det treng vi da slett ikkje til", så er det politisk likså nyttig

for han som om han hadde fått sjølve avtalane. Eg kan no i dag enda legge attåt at no for eit par dagar sia sa den tyske understatssekretären til den svenske sendemannen i Berlin at den tyske regjeringa ville ha full forståing for eit svensk avslag på tilbodet. Det same må da gjelde for eit norsk avslag.

Eg har dermed gjort greie for den måten vi i den norske regjeringa har sett på heile denne saka. Dei same synspunkta har komi fram i den svenske og den finske regjeringa, og dei har bære to teki den avgjerda at dei vil svara nei.

Annleis er det med den danske regjeringa, og det er naturleg nok. Danmark er ein grannestat til Tyskland, og det er ikkje noko rart om grannestatar gjer slike avtalar. Dessutan har Danmark grensespørsmål som kunne bli reist frå tysk side, og ein ikkje-ågangs-avtale med Tyskland ville i det minste gje ei trygd for at desse spørsmåla ikkje ville bli tekne opp frå Tyskland med trugsmål om våpenmakt. Avtalen kunne såleis ha eit positivt verdi for Danmark, og ingen kan ta det ille at dei danske statsmaktene ynsker å svara ja på det tyske tilbodet. Dei stormaktene som samlar seg i ein blokk mot Tyskland og Italia, kunne heller rekne det for ei vinning at det dermed kom ei avspaning i området kringom Østersjøen.

Det som ein kunne ottast for, det var at det nordiske samarbeidet ville lide om såleis Danmark fylgde ei anna line enn dei andre nordiske landa, og i Utanrikskomiteen vår har det vori reist spørsmål om det ikkje skulle vera mogleg å få alle dei nordiske landa til å slå lag med Danmark i denne saka. Men etter dei opplysningane eg har er det heilt avgjort at Sverige og Finnland ikkje vil skifte standpunkt, og da ville det vera meiningslaust for Noreg å gjera det. For min part trur eg no heller ikkje at det treng bli noko skard i det nordiske samarbeidet om Danmark åleine går med på ein ikkje-ågangs-avtale med Tyskland. Det ligg så klart i dagen at Danmark reint geografisk har ei anna stilling til Tyskland enn vi andre, og det er likså klart at Danmark ikkje dermed vil slå inn på ein ny politikk. Dei andre nordiske landa kan hjelpe med til å få forståing for dette hos stormaktene på den andre sia, og det er ei naturleg gjerning for oss å gjera dette. På den måten gjer vi Danmark ei likså stor teneste som om vi og gjekk med på avtalen med Tyskland.

Ein har rett til å spørja om det no er visst at Tyskland vil la Danmark få denne avtalen, sia det har bodi han fram til alle dei nordiske landa på ein gong. Men etter dei opplysningane eg har fått, skulle det ingen vanske bli i så måte. - Danmark skulle få ein ikkje-ågangs-avtale med Tyskland.

Det er tanken at alle dei nordiske landa skal gje svaret sitt til Tyskland på same dagen, venteleg no på onsdag. Sia førespurnaden vart gjort munnleg, skal svaret og vera munnleg. Men det er meinингa å gje sendemannene i Berlin ein skriftleg instruks om den tankeføringa dei skal bygge svaret sitt på, og innhaldet i denne instrukksen kan dei gje ifrå seg skriftleg i det ein kallar ein "aide-mémoire", (hugsesetel) for den tyske utanriksministeren. På det nordiske utanriksministermøtet i Stockholm vart det lagt fram eit utkast til slike grunnlinjer for svaret. Det er ikkje tanken at vi skal fylgje det ordrett i alle landa; men i hovudlinene blir det eit samsvar. Og eg skal

no lesa upp det utkastet som eg har sett opp til grunnlag for det norske svaret:

Den norske regjeringa har med glede lagt merke til vitnemåla om den viljen som har komi til ords frå tysk side, både gjennom fråsegna frå rikskansler Hitler framføre den tyske riksdagen og gjennom den munnlege førespurnaden frå utanriksminister von Ribbentrop, til å respektere landområdet og sjølvstendet åt alle dei nordiske landa. I full semje med regjeringane i Danmark, Finnland og Sverige held den norske regjeringa på si side fast ved den fråsegna ho ymse gonger før har gjevi, at ho no som før vil halde landet sitt utanfor alle maktgrupper som kan laga seg i Europa, og at om det skulle hende at det vart krig mellom dei, so vil ho gjera alt ho evnar til å hindre at landet blir dregi inn i slik ein krig.

Ågangskrig mot eit anna land er noko som Noreg aldri kan tenkje på, og Noreg har jamvel bundi seg i ålmenn mellomfolkeleg avtale til å ikkje nytte krig i stridsspørsmål med andre land. Ho nyttar gjerne dette høvet til å seia frå på nytt om den faste viljen sin til ein politikk som har til formål å halde Noreg utanfor alle maktpolitiske kombinasjonar, og ho kjenner seg trygg på at den tyske regjeringa verdset i fullt mål den frie politiske stillinga Noreg på den måten held seg i.

Ut ifrå dette synspunktet er den norske regjeringa viss på at den tyske regjeringa vil ha full forståing for at ikkje Noreg tek noko steg som kan bli utlagt som eit avvik ifrå den politikken som her er oppstaka. Ein ikkje-ågangs-avtale med eit land som ikkje har grenser i hop med Noreg, ville gå ut over det som denne politikken krev, og synest i tilhøvet til det Tyske Riket heilt uturvande. Den norske regjeringa har nyleg gjevi grei fråsegn til den tyske regjeringa om at Noreg ikkje kjenner seg truga frå Tyskland, og ho tvilar ikkje på at Tyskland jamvel utan ein ikkje-ågangs-avtale vil vera interessert i at integriteten for dei nordiske landa blir halden oppe.

Den norske regjeringa tek det tyske tilbodet som eit vitnemål om dette, og ho er viss på at Tyskland vil tolke dei synspunkta som her er framlagde som uttrykk for at Noreg ynsker å halda oppe eit venskapleg tilhøve til alle sider.

Dette "Aide-mémoire", denne hugsesetelen er det meinings, sjølvsagt, å få sett om på tysk, og det vil vi gjera her heime, so vi er fullt ut trygge for at omsetjinga kjem til å svara fullt ut til det som vi har meint med svaret. Eg må leggja attåt, at dette, som eg sa, er eit utkast. Endå står det att lite grand samråding med dei andre nordiske regjeringane, om det skulle vera merknader å gjera på ein eller annan kant. Men vi er på fyrehand samde alle just om hovudlina i dette, men soleis då at den danske regjeringa venteleg kjem til å gjeva ein annan konklusjon. Dette siste er endå ikkje i denne stunda heilt avgjort. Det er møte anten i ettermiddag eller imorgen fyremiddag millom den danske regjeringa og den danske utanrikskomiteen i Riksdagen. Der blir den endelege avgjerda teken.

Joh. Ludw. Mowinckel: Denne sak er jo nu kommet så langt at det kan sies at dens fasit er gitt, men jeg vil allikevel få lov til å komme med noen ord om mitt syn. Vi har hatt to møter

i den utvidede utenrikskomite, og jeg har der fremholdt min opfatning, og konklusjonen av den er at jeg for min part ikke kan si at jeg er særlig tilfreds med det resultat man er nådd til. Jeg tror i grunnen at feilen var den at man fra svensk side, men dessverre også fra norsk side - og jeg beklager det desto sterkere at det var tilfelle også fra norsk side, fordi jeg mener at Norge her kunde ha vært tungen på vekten, den avgjørende stemme - kom til drøftelsene i Stockholm i virkeligheten med et forut opgjort standpunkt, et standpunkt som utenriksministeren idag har begrunnet meget noe. Derved kom man ikke inn på å drøfte i tilstrekkelig grad fritt mulighetene for en felles løsning. Man tilla heller ikke det etter min mening tilstrekkelig vekt, idet man resonnerete meget hurtig slik at Danmarks særstilling vil lett kunne forklares og svarer for alle parter, og når vi da ledsager den med tilstrekkelig vakre ord, så vil denne uoverensstemmelse kunne glemmes eller betydningen av den forringes.

Nu ser jeg litt annerledes på dette, fordi det her gjelder i virkeligheten litt av en realitet. Det er den første alvorlige utenrikspolitiske påkjennung i denne tid vi har stått overfor i Norden, og etter min mening burde man da ha anstrengt sig noe sterkere for å overvinne denne påkjennung samlet. Men jeg innrømmer naturligvis at forholdene kan være slik at samholdet må komme i annen rekke, må vike for egne interesser, hvis disse egne interesser er av den art at de vilde kollidere med et samhold. Jeg har ikke helt kunnet overbevise mig om det. Jeg har nemlig en følelse av at selve den ting at vi, om enn i smukke ord, svarer nei på Tysklands forslag om en ikke-angrepssakt, lett vil kunne fortolkes derhen at vi ikke lenger står så objektivt til begge maktgrupper som tidligere. Vi kan beklage - og vi beklager sikkert alle - at denne innbydelse fra Tyskland er kommet, men vi får huske på hvad som er bakgrunnen for innbydelsen. Bakgrunnen er Rooseveltts anklage mot Tyskland, at det er en makt som står beredt til å angripe både i vest og øst, i nord og syd, og at Roosevelt derfor har anmodet Tyskland om å fraskrive sig enhver angrepslyst mot en rekke stater, jeg tror det var 30. Tyskland tar dessverre, kan vi se, Roosevelt på ordet, melder sig bl.a. til de 4 nordiske land og sier: Vel vi skal gå med på at vi ikke skal angripe dere. Vil dere gå med på en gjensidig ikke-angrepssakt av den art? Det gjøres til alle 4 stater, ikke minst ut fra den almindelige betraktning om disse 4 staters utenrikspolitiske samhold. Denne innbydelse til en ikke-angrepssakt sett på denne bakgrunn kan da umulig sammenlignes med de forhandlinger som fant sted i 1928 - 30 om en isolert ikke-angrepssakt med Sovjet. Dertil er situasjonen i Europa i alt for høi grad endret. Den gang vi forhandlet med Sovjet om en slik separat ikke-angrepssakt, var Sovjet ikke engang medlem av Folkeförbundet, stod helt utenfor Folkeförbundet. Forholdene i Europa var i det hele tatt ganske anderledes enn de er idag. I dag kommer denne forespørsel etter et initiativ fra den amerikanske president. Den tilbyr oss at vi ikke vil kunne risikere noe militært angrep fra tysk side. Vi sier nei, vi sier at det er ganske unødvendig for oss, vi har aldri tenkt på å angripe Tyskland, og vi frykter ikke noe angrep fra Tyskland. Nei, vi har aldri tenkt på det, men Tyskland er altså fra De Forente Staters presidents side blit

mistenkt for å kunne angripe også oss. Det jeg frykter, og det sa jeg også i utenrikskomiteen, er at den omstendighet at vi sier nei, meget lett vil kunne utnyttes på en måte mot oss som vi vil finne urettferdig og uriktig, og som vi vil beklage, og som vi vil gjøre alt mulig for å bortforklare, men som dog kan finne sted. Vi har hatt, som jeg nevnte i utenrikskomiteen, et ikke ubeslektet eksempel. Det var da det gjaldt utdelingen av fredsprisen til Ossietzky. Det var visselig ikke den omstendighet i og for sig at Ossietzky fikk prisen som vakte all den opstandelse, som vi har lidt under i 2 år i forholdet til Tyskland, men det var den måte hvorpå denne prisutdeling blev utnyttet, til dels også her hjemme, men særlig av den annen gruppe, som en passelig straffeadvarsel til Tyskland for den politikk Tyskland drev. Utdelingen av fredsprisen til Ossietzky blev altså likefrem fra den annen side gjort til en politisk demonstrasjon mot Tyskland, og det hjalp lite at den norske regjering gjorde alt hvad den kunde for å vaske sig ren for en slik urimelig og ganske ubegrunnet beskyldning. Der blev sittende igjen i Tyskland en følelse av at vi hadde villet være med å fornærme landet. At dette svekket hele vår nøytrale stilling, sier sig selv.

Det jeg frykter for, er at den omstendighet at vi nu sier nei til en slik forespørsel om en overenskomst som gir oss garanti mot angrep, også skal bli utnyttet på lignende måte. Det er jo en trøst å høre at Tyskland i allfall foreløbig synes å stille sig nokså likegyldig enten vi svarer ja eller nei; men vi skal ikke være for trygge på at denne likegyldighet er varig. Det avhenger i høi grad av hvorledes den annen side opfatter forholdet, og der har vi allerede hatt slemme tegn. Bare den rent nøytrale erklæring fra utenriksministermøtet i Stockholm bragte liv i den annen parts presse. "Daily Herald" slo straks dette kommunike op på første side med overskrift: "Fire land sier nei til Hitler." Og "Daily Mail" har en leder hvor i det heter at "motstanden i Europa mot nazistisk diktering økes. De nordiske land avslo igår Hitlers tilbud. Deres øine er blitt åpnet ved Tsjekkoslovakias erfaring. De nordiske land reserverer sig derfor sin handlefrihet."

Vi ser altså straks hvorledes det legges ut som om vi ved dette avslag som ennu ikke var blitt et avslag, stiller oss på den annen side. Vi kan ha våre meninger, vi kan ha våre sympatier, vi kan ha våre opfatninger, men en ting har vi jo alltid vært enig om, at vi vilde nødig i det spill som nu drives, tas til inntekt for nogensomhelst side, det vilde vi verge oss mot. Når det derfor fra utenriksministerens side blev henvist til Kellogg-pakten, tror jeg man skal være meget forsiktig med å henvise til den. Jeg forstod også av utenriksministerens svar at den henvisning i allfall i svaret skulde være navnløs. For dette med at Tyskland lever etter Kellogg-pakten er vel en tvilsom påstand. Den pakt hvor i det var henvist til Kellogg-pakten, er av 1934, og den er op sagt. Og det er ganske betegnende at Roosevelt, som jo skulde være Kellogg-paktens nærmeste vakthund, i sitt krav til Tyskland ikke med ett ord henviser til den pakt som dog skulde ha bundet Tyskland.

Det har vært nevnt andre innvendinger som jeg tidligere har vært inne på. Det var dette med at denne avtale skulde gi

Tyskland en anledning til å øke et press på vår tale- og pressefrihet. Jeg tror det ikke. Jeg tror at det press som øves gjennem den tyske minister her, vil bli akkurat like sterkt uten denne avtale som med denne avtale; jeg har til og med fremkommet med den dristige påstand at jeg kunde tenke mig at denne avtale i så henseende ikke gjorde det vanskeligere, men kanskje lettere for oss. For at Tyskland på nogen måte skulde våge å benytte en slik avtale til et påskudd til å øve et stertere trykk, det tviler jeg på. Og det som blev sagt om forholdet til en tredje makt, har jeg forstått er falt helt bort ved den siste redaksjon av forslaget, - er det ikke det?

Statsråd Koht: Nei, slett ikkje.

Joh. Ludw. Mowinckel: Ja, det har jeg forstått. Jeg har forstått det så at det bortfalt, slik at Tyskland skulde være enig i at pakten kun skulde være en pakt om gjensidig voldelig anfall mellom de to land. Men vel, det hører jo til de ting som eventuelt måtte bli gjenstand for underhandling mellom landene, og vi vilde ikke være ganske svake i en slik forhandling om selve paktens formulering når vi stod fire makter sammen. Nogensomhelst frykt for at en slik avtale skulde dra oss inn i den storpolitiske strid er neppe begrunnet. Jeg frykter altså tvertimot for at den omstendighet at vi sier nei, lett kan dra oss inn i dette spill, ikke minst når vi vet hvor lett pressen har for å bruke sterke ord i storpolitiske spørsmål.

Alle kjenner Danmarks stilling, og resultatet blir altså nu at Danmark alene avslutter en slik traktat. Mon ikke vi ved det bidrar, ikke til å lette Danmarks stilling, men til å vanskeliggjøre den. Det er mulig at Danmark ved å svare ja kan sikre sig et bedre forhold til Tyskland; men til gjengjeld kan - så sterk motsetningen er - forholdet for Danmarks vedkommende til den annen part bli vanskelig. Jeg så allerede igår i "Politiken" gjengitt en uttalelse fra "Daily Mail" som sier, at når Danmark går den vei, så vil det si at Danmark binder sine leveranser til Tyskland, blir så avhengig av Tyskland at det i høy grad nødvendiggjør for England å stimulere sin selvhjelp slik at det kan undvære Danmark. En slik plasering av den ene av de fire nordiske stater på den tyske side og av de tre andre på den annen side vil ikke alene svekke det samhold som vi har tillagt så megen vekt, men det vil i virkeligheten vis-a-vis disse store grupper som vi ønsker å stå utenfor, forrykke begge parters stilling. Vi blir tross smukke ord uvegerlig gruppert på den engelske side, Danmark uvegerlig på den tyske side. Jeg tror ikke dette er en gunstig utvikling, og jeg kan ikke frigjøre mig for den tro at det hadde vært mulig å finne en annen løsning. Jeg gav denne tanke en bestemt form i utenrikskomiteens møte, idet jeg tok op spørsmålet om der ikke i den nye utenriksminister-konferanse som den gang enda var påtenkt, kunde tas op et grunnlag for fortsatte forhandlinger som gikk ut på følgende:

"Under henvisning til de nordiske rikers gjentagne ganger uttalte vilje til å holde sig utenfor enhver maktgruppering og mulige krigerske forviklinger mellom andre land og til på enhver tid å iaktta en strengt objektiv nøytralitet, kunngjør de nordiske regjeringer - i anledning av den tyske forespørsel

- for alle europeiske stater og U.S., at de er villig til å slutte ikke-angrepspakter med de stater som måtte ønske det, gående ut på gjensidig forpliktelse til ikke under nogen omstendighet med vold å angripe eller delta i sådanne angrep mot hverandre.

De nordiske regjeringer har intet imot at en slik pakt også omfatter gjensidig forpliktelse til å la enhver tvist som måtte opstå mellom de paktsluttende land avgjøre ved voldgift, hvis den ikke har kunnet opgjøres ved venskapelige forhandlinger."

Et grunnlag som dette, som snudde den ensidige tyske henvendelse om til en henvendelse fra vår side til alle land, tror jeg kunde ha ført frem, og jeg tror en slik henvendelse ville hatt sin betydning; jeg tror den ville hatt sin internasjonale betydning som en fredsappel fra alle de nordiske land til verden: Javel, vi har fått en henstilling fra Tyskland om å slutte ikke-angrepspakt - vi er villig til å slutte ikke-angrepspakt med alle land! Det ville ha den fordel at det ikke på noen måte hadde kunnet utnyttes som en gestus eller et skritt som tydet på sympati med den ene og mindre sympati med den annen. Og det ville også ha den fordel at det ikke ville kunne tydes slik som det nu - tross alle smukke ord - lett kan tydes, at det ene av disse fire land viser i sin handlemåte mer sympati for den ene gruppe, mens de tre andre viser mer sympati for den annen.

Jeg har ut fra mitt syn, og fordi jeg tillegger dette sådan stor vekt, ikke kunnet undlate også her i Stortinget å fremkomme med disse betraktninger; jeg vil at de skal komme frem i samlet storting. Men jeg vet godt at slik som situasjonen har utviklet sig - jeg kan gjerne si: fra vi sist hadde utenrikskomitemøte, og til idag - er en aksjon fra Norges side umulig, fordi Sverige så fast og sterkt har bundet sig til den opfatning som man der har gjort gjeldende. Man påberoper sig i Sverige den svenske opinion, som man tildels her i Norge påberoper sig den norske opinion; men jeg tror nok at opinionen både i Sverige og i Norge i nokså høi grad har vært veiledet av det ønske som regjeringene har hatt i denne retning. Dermed er imidlertid lite eller intet å gjøre. Jeg vil uttale håpet om at det svar som nu blir gitt, blir formet så sterkt overensstemmende, det ene med det annet, som overhodet mulig. Jeg forstår også utenriksministeren slik at svarets form vil bli nærmere drøftet mellom alle fire land. Og det er jo alltid noget.

Der er kanskje de som på grunnlag av mine betraktninger vil spørre, om jeg vilde at Norge skulle gå sammen med Danmark, slik som situasjonen nu utviklet slik. Til det må jeg - jeg kan gjerne si selvfølgelig - svare absolutt nei, det lot sig ikke gjøre. For mens Danmarks særstilling naturligvis kan forklares ut fra det naboskap som utenriksministeren snakket om, de geografiske forhold og meget, meget annet, så kunde en særstilling for vårt vedkommende overhodet ikke forklares, så jeg skjønner godt at det ikke lar sig gjøre. Hvad jeg beklager, er at man ikke har lagt ganske annen vilje i - ja, jeg kunde gjerne si: ganske annen evne inn på - å søke å nå til en felles løsning som vilde gitt uttrykk for, ikke alene at vi fremdeles stod sammen i Norden i vårt almindelige utenrikspolitiske syn

på nøytralitet og objektivitet, men at vi stod sammen om det som alltid har vært vårt ønske: at vi vil holde oss helt utenfor begge maktgrupper. Og når man nu tror at vi på denne måte gir uttrykk for det, så frykter jeg det vil vise sig at vi blir skuffet.

Statsråd Koht: Eg er einig med hr. Mowinckel i ein ting; det er det at den endskapen som denne saka har kome til, ikkje er den aller beste vi kunde ynskja. Løysinga kunde kanskje ha vore betre, det er mogleg; men eg trur at det ligg i sjølve situasjonen at vi ikkje fekk ho annarleis enn vi gjorde. Og eg trur at situasjonen i dette stykket er sterkare enn mennene. Um det so hadde vore ein annan utanriksminister som hadde sete i Stockholm og skulde ført desse forhandlingane med dei andre utanriksministrane, kjenner eg meg ikkje trygg på - det må eg diverre vedgå - at resultatet kunde ha vorte annarleis. Hr. Mowinckel meiner at det var eit misgrep der burte at vi frå svensk og frå norsk side møtte med uppgjorde standpunkt, soleis at vi ikkje tok upp for ålvor ei dryfting om det endemålet å koma fram til eit sams svar, eit sams standpunkt, for alle dei nordiske landa. Eg har i utanriksnemnda like eins som eg har gjort her, fortalt um det som var endskapen på Stockholmsmøtet, men eg har sjølv sagt ikkje gjeve meg til å fortelja um dei forhandlingane som gjekk fyre seg der heile dagen. Det hadde inga interesse i samanheng med sjølve det resultatet som låg fyre. Og at vi ikkje streva med og arbeidde med å få eit sams standpunkt, det er ein heilt urett tanke som hr. Mowinckel har gjort seg. Men det viste seg svært snart at det svenske og det danske standpunktet stod sterkt mot einannan, og dei vilde då både two, både frå Sverige og frå Danmark - og Finnland fylgte med Sverige - gjerne at den andre parten skulde koma over. Eg for min part skyna at det var uråd, og difor freista eg midla millom desse standpunktene. Det standpunktet som eg kom med dit burt, var dette, at vi i den norske regjeringa helst vilde sleppa for denne traktaten. Det hadde eg gjort greie for i utanriksnemnda på fyrehånd, og eg trur at det var nokso stor semje om det standpunkt at vi ville helst sleppa for avtalen. Men det kunde koma vilkår soleis at vi kunde bli drivne til å gå med, og eit av vilkåra var at dei andre nordiske landa gjekk med. Det vilkåret fann vi ikkje i Stockholm.

Um det framleggset som hr. Mowinckel nemner her, og som han trur vilde ha ført fram, må eg få lov til å segja at eg trur ikkje det hadde ført fram; til det hørde eg altfor mykje av svensk argumentering. Eg vil då her nemna det som frå svensk side var eit hovudargument, som vi ikkje har nytta her i landet, men som vog svært sterkt for svenskane i denne samanhengen, og det var at all svensk historisk tradisjon - det vart sterkt understreka - går ut på at integriteten og sjølvstendet åt eit land ikkje er emne for internasjonale traktatar. Det standpunktet stod Sverige so avgjort på. Eg trur nok hr. Mowinckel tek heilt i miss når han meiner at den opinionen som kom fram i norske og svenske blad, var påverka frå regjeringane. Regjeringane hadde ikkje på nokon måte, korkje i Sverige eller her, gjort nokon freistnad på å skapa den opinionen. Norske blad av alle parti hadde hatt styrke um dette fyrr eg endå hadde hatt møte med pressa og hadde sett ho

inn i kva som låg fyre, kva som hadde gått fyre seg, kva som var dryft med dei andre landa. Eg vil minna um at vi hadde då dryft spursmålet i åtte dagar millom regjeringane fyrr sjølve møtet i Stockholm vart halde. Eg trur nok at ein torer segja at det som kunde bli gjort for å skapa eit sams standpunkt, det var gjort.

Det er klårt, som hr. Mowinckel segjer, at det at vi segjer nei takk - eg strekar under ordet takk - til det tyske tilbodet, kann bli nytta ut, og vil bli nytta ut av sume blad til å binda oss fast til det eine eller det andre storpolitiske standpunktet. Plent det same gjeld um vi svarar ja; det er plent det same, vi blir nytta ut frå både sidor. Det er det uheppelege med dette tilbodet, når det fyrst har kome, at det driv oss mot vår vilje soleis at partane nyttar oss ut. Hr. Mowinckel citerte det som vart skrive i britiske blad um kommunikeet, um pressemeldinga frå utanriksministermøtet i Stockholm, um korleis den meldinga vart umtydd og utlagd, soleis at vi dermed reiste oss mot det nazistiske diktaturet. Dersom hr. Mowinckel hadde lese med same umhug dei tyske blada, ville han ha funne at dei tok det nøytralitetsstandpunktet som vi her i Noreg hadde, til inntekt for seg, dei såg på det heilt motsett. Soleis kann det bli gjort av både partar, det kann vi ikkje verja oss imot. Men vi kann i det minste på vår side gjera alt det vi kann for å få regjeringane på alle sidor - eller på både sidor, um ein vil segja det so - til å skyna vårt standpunkt, og det kann vel kanskje ha sitt verde.

Dei innkasta som hr. Mowinckel hadde mot sjølve det standpunktet som vi er komne til her i vårt land, og vårt land i hop med Sverige og Finnland, treng eg ikkje no gå nærmare inn på her, for dei dryfte eg alle i hop i det fyrste innlegget mitt; men eg trur ikkje det er turvande å måla upp skremslor som er endå større enn dei som vi møter frå sjølve det landet som vi forhandlar med.

Lykke: Efter det siste møte vi hadde i den utvidede utenrikskomite, foreligger jo kun det at utenriksministeren idag har referert gangen i det svar som han og de andre nordiske land - utenom Danmark - vil gi på Tysklands forespørsel. Det er naturligvis slik at vi alle beklager at Danmark på denne måte må gå sin egen vei, men jo mer man tenker over dette, jo mere naturlig faller det jo at så må det være i dette tilfelle. Jeg kan ikkje skjonne at det på nogen måte skal bryte det gode forhold mellom de nordiske land at de nordiske land følger det som er naturlig for de enkelte land i den foreliggende sak. Så spør man: Men hvorfor skulde ikke vi gå med på den tyske elskverdighet og gå inn på en non-aggressionstraktat? Det som ligger bak her - det er jo sagt før - er jo president Roosevelt sitt henvendelse og vi skylder jo i grunnen ikke Roosevelt nogen særlig takk for dette som han har bragt de nordiske stater op i. Bortsett fra at jeg synes det er ganske umulig å skille lag med Sverige og Finnland, vil jeg meget nødig ha en sådan traktat som dette med Tyskland. Og hvorfor ikke? Fordi den tilføielse som vilde komme, dette om forbud mot hjelp til en tredje makt, som vi kjenner til, vil alltid bli gjenstand for fortolkning, og man vet at er det noget som kan fortolkes, så er det alltid den sterkeste som

fortolker det sådan som det skal være; og da tror jeg nok at vi kan opleve at det som vi kanskje idag ser som en forholdsvis uskyldig bestemmelse, kan vende sig mot oss og bli en overmåde farlig bestemmelse. Det om hvorvidt Tyskland kan benytte en slik traktat til å øve et press på den norske regjering med hensyn til en åndelig nøytralitet, som utenriksministeren betegnet det, skal jeg ikke uttale mig om. Der er kommet til orde delte meninger om det. Jeg er nærmest tilbøielig til å tro at det vilde bli gjort. Men det tilfelle hvor en slik traktat ville være riktig farlig, ville være hvis det kom til et krigsutbrudd mellom de to maktgrupper. Hvordan vil det bli utlagt fra tysk side når vi kjemper for livet, for vår eksistens, med vår handelsflåte? Vil ikke det være å hjelpe en tredje makt? Ubetinget. En kyniker vil kanskje si at en slik traktat har ingen verdi ved et krigsutbrudd; men det var jo det vi tenkte at den skulde ha. Den skulde by en viss sikkerhet for oss. Jeg innrømmer at jeg har næret de samme betenkelskaper som hr. Mowinckel, de nemlig at Tyskland, når det først har gjort dette tilbud til de nordiske land og får avslag, da vil reagere på en måte som kan bli overmåde ubehagelig for oss på mange måter; men jeg kan allikevel ikke skjønne at vi har annet å gjøre idag enn å følge den linje som utenriksministeren har antydet: på en høflig måte å si at Norge, som vil være utenfor enhver strid, som vil være nøytralt, ikke ønsker å inngå den slags avtaler. Det må være det riktige standpunkt her.

